




Hjelmeland kommune

## PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2017 - 2020



Vedtatt av kommunestyret i Hjelmeland

## Innholdsoversikt

1	Innleiing .....	3
1.1	Overordna analyse/føremål med planen .....	3
2	OMRÅDE FOR GJENNOMFØRING AV FORVALTNINGSREVISJON .....	3
2.1	Kommunens verksemd.....	3
2.2	Forvaltningsrevisjon i kommunalt heileigde selskap.....	4
3	AKTUELLE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT 2016-2020.....	4
3.1	Generelt.....	4
3.2	Prioriterte område for forvaltningsrevisjon .....	4
4	RAPPORTERING OM GJENNOMFØRT FORVALTNINGSREVISJON.....	4
5	OPPFØLGING AV GJENNOMFØRT FORVALTNINGSREVISJON .....	4
6	SLUTTORD.....	5

# PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016-2020

## 1 Innleiing

Kommunestyret har det øvste ansvaret for kontroll og tilsyn i kommunen.

Kommuneloven<sup>1</sup> pålegg kommunestyret å velja eit kontrollutval til å stå føre det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga på sine vegne. Kontrollutvalet er m.a. pålagt å sjå til at det årleg vert gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak og føresetnader (forvaltningsrevisjon).

Kontrollutvalet er i tillegg pålagt å utarbeida ein plan for forvaltningsrevisjon for kvar kommunestyreperiode basert på ein overordna analyse av kommunens verksemd<sup>2</sup>. Planen skal vedtas av kommunestyret.

Forvaltningsrevisjonsarbeidet har etter kvart blitt ein sentral del av kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunal sektor og det er derfor viktig at kontrollutvalet og kommunestyret bruker plan for forvaltningsrevisjon som eit reiskap for å utøva ein mest mulig målretta og effektiv tilsynsfunksjon i kommunen. Kontrollutvalet vil ha planen til løpande vurdering og gi tilbakemelding til kommunestyret dersom det oppstår forhold som gjer at endringar/ekstraordinær evaluering vert naudsynt.

### 1.1 Overordna analyse/føremål med planen

Plan for forvaltningsrevisjon skal bygga på ein overordna analyse av verksemda i Hjelmeland kommune ut frå ei risiko- og vesentlegvurdering. Hensikta med den overordna analysen er å identifisera behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike sektorane og verksemdene. Analysen - som viser revisors oversikt over vesentlege risikoområde i Hjelmeland kommune - er lagt ved planen.

Føremålet er å bidra til at Hjelmeland kommune driv si verksemd etter gjeldande lover og bestemmelsar og oppnår dei målsettingane som kommunen har sett for si verksemd i vedtekne planar, budsjett, årsmeldingar og andre politiske vedtak. Føremålet kan også vera at det vert gjort ein gjennomgang av utsette område for å førebygga uønskte hendingar eller for å avklara om det har skjedd noko ureglementert eller ikkje.

## 2 OMRÅDE FOR GJENNOMFØRING AV FORVALTNINGSREVISJON

### 2.1 Kommunens verksemd

Kommunens verksemd er i stadig endring. Organisasjonsmessige tilhøve og eksisterande føresetnader knytt til økonomi, sysselsetting, statlege føringar og krav m.v. vil variera i løpet av nokre år. Desse variasjonane kan ha innverknad på kva for område der det er mest hensiktsmessig å setja inn ressursar til gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Denne planen er utarbeidd med tanke på forvaltningsrevisjon i komande 4-årsperiode. I tillegg til løpande vurdering av planen kan den bli rullert ved behov, til dømes etter 2 år.

---

<sup>1</sup> Kommunelovens § 77

<sup>2</sup> Forskrift om kontrollutvalg § 10

## 2.2 Forvaltningsrevisjon i kommunalt heileigde selskap

Gjennomføring av ein avgrensa forvaltningsrevisjon i kommunalt heileigde selskap er eit valfritt alternativ dersom selskapet er heileigd av kommunane<sup>3</sup>. Dette vil gjelda IKS-ar, §27-selskap som er sjølvstendige rettssubjekt og kommunalt heileigde aksjeselskap. Det kan vera aktuelt dersom funn frå obligatorisk eigarskapskontroll, andre tips, politiske vedtak eller politiske føringar viser at det er tilhøve som kontrollutvalet meiner bør bli nærmare undersøkt. Det vert vist til utarbeidd Plan for selskapskontroll for 2016-2020 samt overordna analyse for selskapa. Dette er ein sjølvstendig plan som vert lagt fram for kontrollutvalet og kommunestyret.

## 3 AKTUELLE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT 2016-2020

### 3.1 Generelt

Omfanget av forvaltningsrevisjon er avhengig av identifisert behov og dei ressursane som vert stilt til rådighet for oppgåva. Den gjennomførte analysen er ikkje uttømmende og vil ikkje kunne ta omsyn til alle tilhøve. Den må sjåast på som eit verktøy for å gjera ei prioritering av område og tema som er aktuelle for forvaltningsrevisjon saman med dei innspela som er mottatt, dialog med revisor og kontrollutvalets egne vurderingar.

### 3.2 Prioriterte område for forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet har med bakgrunn i drøftingar og prioriteringar vurdert områda/tema nedanfor som prioritert for forvaltningsrevisjon i planperioden:

- Innkjøp
- IT-løsninger
- PPT – tjenesten
- Plan og forvaltning
- Legetjenester

Kvart tema vil bli nærare utdjuva og avgrensa i dialog med revisor i samband med endeleg bestilling av prosjekta.

## 4 RAPPORTERING OM GJENNOMFØRT FORVALTNINGSREVISJON

Revisor skal fortløpande senda over til kontrollutvalet resultatet av gjennomført forvaltningsrevisjon i form av ein utarbeidd rapport<sup>4</sup>. Vidare er kontrollutvalet pålagt å rapportera tilsvarande til kommunestyret. Kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i denne type saker, og kontrollutvalets behandling av rapporten med innstilling til kommunestyret blir derfor fortløpande sendt vidare til behandling.

## 5 OPPFØLGING AV GJENNOMFØRT FORVALTNINGSREVISJON

Kontrollutvalet skal etter gjennomført forvaltningsrevisjon sjå til at kommunestyres vedtak i tilknytning til behandling av rapport om forvaltningsrevisjon vert følgt opp av administrasjonen<sup>5</sup>. Det skal også

---

<sup>3</sup> Kommunelovens § 80.

<sup>4</sup> Forskrift om revisjon § 8

<sup>5</sup> Forskrift om kontrollutvalg § 12

rapporterast om tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Rapportering til kommunestyret om oppfølging av forvaltningsrevisjon vil skje gjennom oversending av enkeltsaker etter at dei er behandla i kontrollutvalet.

## 6 SLUTTORD

Kontrollutvalet ber om delegert fullmakt til å setja i verk forvaltningsrevisjon på andre område enn dei som er foreslått/vedtatt dersom kontrollutvalet meiner dette vil ha høgare nytteverdi.<sup>6</sup>

Kommunestyret har også myndighet til å pålegga kontrollutvalet å gjennomføra konkrete bestillingar i løpet av planperioden dersom det er ønskjeleg.

### **Vedlegg til planen:**

Overordna analyse

---

<sup>6</sup> Forskrift om kontrollutvalg § 10